



Notat til politisk nivå

Vår referanse

2026/1767 -1

Dato

31.08.2026

Sak	Utval	Møtedato
	Eldrerådet	
	Levekårsutvalet	

Frå:

Kommunedirektøren

Komplimentering av helsesjekk for 80 åringer

Austevoll kommune har sidan 2022 gjennomført årleg helsesjekk for alle innbyggjarar som fyller 80 år. Føresetnaden for deltaking er at personen har fastlege i Austevoll. Helsesjekken omfattar først konsultasjon hos fastlegen, deretter testar og samtalar med ergo- og fysioterapitenesta.

Hausten 2025 har 46 innbyggjarar som fyller 80 år fått tilbod om helsesjekk. Gjennomføringa krev koordinering og mobilisering av ressursar både i fastlegetenesta og i ergo- og fysioterapitenesta.

Innspel frå eldrerådet

Eldrerådet ønskjer ei vurdering av om personar som hadde fylt 80 år då ordninga vart etablert, og eldre over 80 år som har flytta til kommunen, også kan få tilbod om helsesjekk.

Kommunen har ei ergo- og fysioterapiteneste som eldre kan ta kontakt med direkte, utan søknad eller tilvising. Eldre som opplever behov, eller som har vore hos fastlegen, kan til dømes be om vurdering av hjelpemiddel i heimen, funksjon og behov for oppfølging. Ordninga med årleg helsesjekk for 80-åringar er avgrensa til det året innbyggjarane fyller 80 år. Ei utviding til å omfatte personar som no er 84 år eller eldre, eller tilflytta eldre over 80 år, vil auke talet på aktuelle deltakarar og krevje ytterlegare ressursar til planlegging og gjennomføring.

Kommunedirektøren vurderer at det per i dag ikkje er naudsynt å opprette ei eiga ordning for desse gruppene. Dei kan nytte dei ordinære tenestene i kommunen og ta kontakt med fastlege eller ergo- og fysioterapitenesta ved behov.